


FOSSEN BRATTE

KRIGSMINNE / WAR MEMORIAL / KRIEGSDENKMAL



N I dagane etter den tyske invasjonen i Noreg, 9. april 1940, og hærtakinga av Bergen, gjekk det frå den landmilitære øvstkommanderende på Vestlandet (ØKV) ut mobiliseringsordre til soldatar i m. a. Hordaland Infanteriregiment nr 9 og Fjordane Infanteriregiment nr 10 om snarleg samling på Bomoen og Tvildemoen på Voss. Med Voss som utgangspunkt, lukkast det ØKV, general Steffens, å få til ei nærast komplett mobilisering; ein optimistisk norsk motoffensiv som skulle avskjera den tyske framrykkinga på Vestlandet og, med assistanse frå allierte, driva okkupantane ut.

Men hjelpa vanta og norske styrkar var hardt pressa i heile Sør-Noreg. Då hovudstyrken på Voss, 4. brigade, måtte sendast austover etter ordre frå den norske overkommando, vart det klart at det berre ville vera mogleg med opphaldande strid. 1. mai vart dei militære operasjonane på Vestlandet innstilte.

Den tyske framrykkinga mot Voss gjekk langs tre offensivar: Langs Bergensbanen, gjennom dalforet Granvin-Skjervet og langs Hardangervegen. Her utgjorde Fossen Bratte frå naturen si side ei sterk stilling på toppen av stupet, der fossen veltar utfor og vegen vestfrå ligg fullt synleg i dalsida. Om ettermiddagen den 22. april rykka tyske styrkar fram mot norske sikringsstyrkar og frivillige skyttarlagsfolk ved Fossen Bratte. Kampene her har vorte eit sterkt kjennemerke på norsk motstands- og offervilje.

GB In the days immediately following the invasion of Norway on 9 April 1940 and the occupation of Bergen, mobilisation orders were issued by the Army Supreme Command for Western Norway (ØKV) to soldiers to muster as soon as possible at Voss. With Voss as its base, the ØKV under the leadership of General Steffens succeeded in an almost complete mobilisation and planned an optimistic counter offensive aimed at cutting off the German advance in Western Norway and driving out the occupiers with the assistance of allied forces.


Help failed to materialise, however, and the Norwegian forces were hard pressed throughout Southern Norway. When the main force at Voss, the 4th Brigade, had to be sent eastwards at the orders of the Norwegian Supreme Command, it became clear that it would only be possible to engage in delaying tactics. Military operations in Western Norway ceased on 1 May.

The German advance towards Voss followed three lines: along the Bergen Railway, through the Granvin-Skjervet valley and along the Hardangervegen road. Here, the waterfall Fossen Bratte (Steep Waterfall) provided a strong natural position at the top of the falls, where the water cascades over the precipice and the road west is fully visible on the hillside nearby. On the afternoon of 22 April, the German forces advanced towards the Norwegian covering forces and rifle association volunteers positioned at the top of Fossen Bratte. The battle here at the waterfall has become an evocative symbol of the Norwegian wartime spirit of resistance and sacrifice.

D In den Tagen nach der deutschen Invasion Norwegens am 9. April 1940 und dem Einmarsch in Bergen erging vom Oberstkommandierenden für die Landstreitkräfte in Westnorwegen (ØKV) der Mobilisierungsbefehl an die Soldaten sich so schnell wie möglich in Voss zu sammeln. Ausgehend von Voss gelang dem Oberstkommandierenden General Steffens eine fast komplette Mobilisierung. Eine optimistische norwegische Gegenoffensive sollte den Vormarsch der deutschen Wehrmacht in Westnorwegen stoppen. Gleichzeitig sollten die Besetzer mit Hilfe der Alliierten aus dem Land gedrängt werden.

Doch die Hilfe blieb aus, und die norwegischen Streitkräfte gerieten überall in Südnorwegen in Bedrängnis. Als die Haupteinheit in Voss, die 4. Brigade, auf Befehl des norwegischen Oberkommandos nach Ostnorwegen geschickt werden musste, wurde deutlich, dass nur noch Hinhalten möglich war. Am 1. Mai wurden die militärischen Operationen in Westnorwegen eingestellt.


Der deutsche Vormarsch auf Voss zu verlief über drei Offensivlinien: an der Bergen-Bahn entlang, durch das Tal zwischen Granvin und Skjervet und an der Straße nach Hardanger entlang. Hier stellte Fossen Bratte eine von der Natur geschaffene starke Verteidigungsstellung dar: auf dem höchsten Punkt des Wasserfalls und mit der Straße aus Westen kommend gut sichtbar im Tal. Am Nachmittag des 22. April rückten deutsche Truppen gegen die norwegischen Verteidigungseinheiten und freiwillige Schützen bei Fossen Bratte vor. Die Kämpfe an dieser Stelle sind eine wichtige Erinnerung an den norwegischen Widerstands- und Opferwillen.



Stillingane og den tyske framrykkinga på nordre flanke. Ved framrykkinga møtte den tyske troppen norske frivillige (F) og det kom til skotveking. KART: SAMNANGER KOMMUNE/DAG SCHRÖDER





Dei norske styrkane var mobiliserte på Voss. Den tyske framrykkinga gjekk langs tre offensivar: Langs Bergensbanen, gjennom dalforet Granvin-Skjervet og langs Hardangervegen.



Nasjonalt armband som vart delt ut til dei norske frivillige. Armbandet var eit viktig uniformemerke som gjev dei frivillige skyttarlagsfolka status som stridande i folke-rettssleg tyding. FOTO: TERJE AARHUS

KAMPANE VED FOSSEN BRATTE
Sikringsstillinga ved Fossen Bratte var eit strategisk sperrepunkt ved toppen av stupet der fossen fell utfor. Vegen vestfrå snor seg fullt synleg i nordre dalsida og passerar fossen. På begge sidene av elva og vegen ligg tungt framkommelege skråningar opp mot fjella. I april dagane 1940 var broytekantane framleis halvannan meter høge og snoen var hardfrossen nattetid då temperaturen kunne synka ned mot 15-20 kuldegradar. Den tyske styrken var leia av major Kramer og samansett av Kp. 1/PIBn 169, Kp. 11/L.R. 193 og forsterka med ein tung tropp av Kp. 12/L.R. 193 samt ein panservernkanon. Den norske sikringsstyrken gjekk i stilling 17. april. Styrken var sett saman av ein mitraljose- og geværtropp leia av fenrik Aardal, eit pionerlag leia av fenrik Buttingsrud og ein kanon frå marinens vaktskip "Haus". Kanonen var montert

på ein lastebil. Sjefen for styrken, loytmant Aaberg, hadde sin Ko. på Kvamshaug hotell, om lag ein kilometer aust for fossen. Den 18. april kunne Aaberg rapportera om ein tysk patrulje som hadde stansa 600 m frå stillinga for å observera. Eit skot med kanonen fekk dei til å trekkja seg attende. To dagar seinare rykka ein tysk oppklarings-tropp på om lag 35 mann fram mot den norske stillinga. Det vart opna eld mot dei då dei var ca. 700 m unna. Seinare forsøkte troppen å omgå sørflekk, men det var høg sno og brutlent, og ved 20.00-tida kunne den norske mitraljosestyrken, fenrik Aardal, melda at tyskarane trekte seg tilbake med to sara. Dagen etter flaug eit tysk speidarfly lagt over stillingane, og det kom melding om at det var kome fleire tyskarar. Fram mot 22. april hadde frivillige skyttarlagsfolk frå Øystese, Ålvik og Norheimsund slutta seg til sikringsstyrken – under kommando og med nasjonalt armband. Om ettermiddagen, kl. 17.30, sette tyskarane i gong kraftig eldgevjing med mitraljoser, bombekastarar og ein eller to kanonar. Etter mørkrets frambrøt, tok dei i bruk lysbomber og sporlysammunisjon. Etterkvart vart det klart at tyskarane hadde arbeida seg fram langs nordre fjellsida og sto ca 500 m frå stillinga. Her, på høgve flanke, låg dei frivillige skyttarlagsfolka. Tre av dei fall i møtet med den tyske troppen. No vart og mannskap frå den norske mitraljosestroppen trekte opp i fjellsida. Det var uråd for tyskarane å komma fram til stillinga i front, men ved midnatt vart dei observerte lysbomber frå fjellet bak stillinga. Dette trua retretterveg og fenrik Aardal sendte opp det avtalte lyssignalet for tilbaketrekking.



Norsk mitraljosestilling ved Fossen Bratte. Fossen Bratte var eit strategisk sperrepunkt ved toppen av stupet. Vegen vestfrå snor seg fullt synleg i nordre dalsida. FOTO: PER STORLID

TORVALD AARHUS FORTEL:
(Aarhus var frivillig frå Ålvik skyttarlag. Han var med i laget på nordre flanke.)

– Kampen som foregikk da vi ble tatt, var i grunnen ingen kamp for vårt vedkommende. Vi var trette og slove etter et hardt kjø og hadde trukket oss tilbake for å få en hvil. Dette hadde trolig tyskerne ventet på. Vi hadde ikke for satt oss ned, så stod det en tysk offiser på knausen, og på et lite øyeblikk var tre mann døde (Mo, Soldal og Vangdal) mens to mann var hardt såret (Flatebo og jeg). Men så hendte det at vaktposten litt nordost for oss – Sverre Hjøllø – åpnet ild og såret den tyske offiseren. Denne ropet ut en kommando, og så stormet det frem åtte mann til. Den første som kom, ble skutt og gikk utfor fjellet, og en ble såret i en fot. Men nå måtte vaktposten trekke seg tilbake, også for å varsle kommandoplassen. Dette hendte i tidene om kvelden. Vi tror det var offiseren som ble såret som førte troppen opp. Han lå nemlig og gav ordre som de andre utførte. De to sårede tyskere lå sammen med oss hele natten og ble frakket med med dede sammen med min kamerat (Flatebo). Jeg selv måtte gå. Vi ble fort med lien mot Kvamshaug, og nådde hovedveien omtrent der bautanen står. Det var en hard tur som jeg nødig ville gjort en gang til.

EIN TYSK RAPPORT
(Junker: Durchbruch nach Norheimsund)

– Tidlig på ettermiddagen stillet stridsgruppen opp for angrep. Lendet var meget vanskelig. Til høyre for veien lå en upasserbar dyp slukt og til venstre var det bare nedsnødd brattfjell. Her og langs veien arbeidet styrken seg fremover under fiendens intense forsvarsild. Som det senere viste seg hadde han her satt inn 20 Mg (mitraljose), og den heftige ild fortsatte til langt på natt. Inn i mellom ga den norske kanon ild. Med et velrettet skudd hadde den nær feid bort kompanisjef med stab. De gikk klar bare med en hårsbredd. Fra vår side ble tunge bombekastere satt inn. Ved anvisningsrop fra mann til mann lyktes det dem snart å skyte seg inn. Særlig virksom fullt var ildstøtten fra panservernkanonen. Dekket av kraftig Mg-ild og velmisket geværild, lyktes det å få en tropp frem helt opp under veisperringen.



Tyske soldater under ein pause i kampene i Kvam april 1940. FOTO: TORE EGGAN'S SAMLING, HORDALAND FYLKESARKIV

Informasjonstavla er sett opp av Hordaland fylkeskommune, Kvam herad og Samnanger kommune.
Redaksjon: Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdeling, Formgeving: Goosen Design, Omsetning: Allegro AS Språkjenester
This information board was erected by Hordaland County Council, and the local authorities in the municipalities of Kvam and Samnanger.
Edited by: Hordaland County Council, Department of Cultural Affairs and Sport Design: Goosen Design Translation: Allegro AS Language Services
Verantwortlich für die Informationstafel sind die Bezirksverwaltung des Fylke Hordaland sowie die Gemeinden Kvam und Samnanger.
Redaktion: Kultur- und Sportabteilung der Bezirksverwaltung Hordaland Gestaltung: Goosen Design Übersetzung: Allegro AS Sprachdienste